



Lunden  
barnehage



Sunnfjord  
kommune

# Årsplan 2024–2026

Lunden barnehage



## Innhald

Einingsleiar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Visjon for barnehagen .....	4
Om barnehagen .....	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	5
Satsingsområde for barnehagen 2023–2026.....	6
Fagområder frå rammeplanen til barnehage.....	6
Medverknad.....	7
Barn.....	7
Foreldresamarbeid .....	8
Tidleg innsats .....	8
Overgangar.....	8
Når barnet startar i barnehagen .....	8
Overgangar i barnehagen .....	9
Overgang mellom barnehage og skule.....	9
Samarbeid .....	10
Samarbeid internt i barnehagen .....	10
Samarbeid med eksterne instansar.....	10
Vurdering .....	10
Hendingar og markeringar i barnehagen .....	11

## Einingsleiar har ordet



### Velkomen til Lunden barnehage!

Lunden barnehage skal vere ein god stad for både barn, foreldre og tilsette. Vi kjem til å møte utfordringar, men mest av alt variasjon, meistring, glede, trivsel, engasjement og samhøyricheit.

I Lunden barnehage legg vi til rette for å gje barna varierte opplevingar og erfaringar utifrå alder og nivå. Vi er opptekne av at barna skal utvikle gode dugleikar både motorisk, språkleg og sosialt, samt ferdast i eit miljø som er trygt og inkluderande.

Både små og store skal bli sett, høyrte og tekne på alvor. Vi ynskjer å kome tidleg inn og hjelpe dei barna som strevar.

Tilsette i barnehage har ei svært viktig oppgåve: Å ruste barna til eit vidare liv i skule, jobb og samfunn. Dette skal gjerast i samarbeid med foreldre.

I årsplanen kan du lese om barnehagen, korleis vi jobbar med leik, læring og satsingsområde. De finn også informasjon om medverknad, overgangar i barnehagen og til skulen, samarbeid og vurdering.

**Kirsten Kongsvik**  
**Einingsleiar**  
**Lunden barnehage**

## Presentasjon av barnehagen

Lunden barnehage har seks avdelingar: Fiolen, Løvetanna, Soleia, Kvitveisen, Blåklokka og Rosa. I mange år har vi praktisert aldersreine grupper. Med det meiner vi at barna på kvar avdeling er fødd i same årskull. Dei siste åra har størrelsen på kulla og tal barn i barnehagen gått ned. I framtida vil vi difor vere fleksible både med tanke på organisering og kor mange avdelingar som vert nytta.

Som sentrumsbarnehage har vi kort veg til skulen, biblioteket, elva, skogen, stranda og leikeplassar i nærmiljøet.

Dette er fasilitetar vi nyttar gjennom heile barnehageåret. Barnehagen har også eit stort uteområde som vi nyttar dagleg.

## Visjon for barnehagen

«Ein god stad å vere – ein god stad å lære»

## Om barnehagen

Lunden barnehage har dei siste åra delteke i ulike prosjekt. Vi har fordjupa oss i, og fått kunnskap om språkløyper, inkluderande barnehagemiljø og korleis fysisk aktivitet positivt påverkar barn si utvikling.

Dette er tema vi vil ta med oss vidare i arbeidet med barn, i tillegg til at vi kjem til å jobbe med nye prosjekt som dukkar opp undervegs.

Vi knyter arbeidet vårt opp til innhaldet i «rammeplan for barnehagen».

Vi vektlegg at barna skal få omsorg og ha det trygt i barnehagen. Dei skal få med seg mange og varierte opplevingar gjennom barnehageåret som kan gje dei utvida kunnskap og erfaring.

Gjennom året jobbar vi med alle dei sju fagområda i rammeplanen.

Fagområdet «kommunikasjon, språk og tekst» jobbar vi med gjennom heile året.

Dei andre fagområda har vi særskilt fokus på, nokre månader kvart barnehageår.

På hausten har vi fokus på tilvenning og tryggleik og legg vekt på:

- Å bli kjent med kvart enkelt av dei nye barna og foreldre, samt nye tilsette.
- Å skape tryggleik for både barn og vaksne i den nye kvardagen.



## Barnehagen sitt verdigrunnlag

Om verdigrunnlaget seier rammeplanen mellom anna: «Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling». Den seier vidare at ein i samarbeid og forståing med heimen skal barnehagen vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.

«Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og anerkjening og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnhagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling berekraftig utvikling, livsmeistring og helse»: (Utdanningsdirektoratet, 2017)

### Leik

Læring gjennom leik har stor plass i barnehagen. Leik er barna sin viktigaste aktivitet og ein svært sentral del av dagen i Lunden barnehage. Vi set av god tid til leik både inne og ute. Vi skal inspirere og gi rom for ulike typar leik, og delta i leiken på barna sine premiss. Nokre aktivitetar i barnehagen vert planlagt av personalet, men det aller meste er frileik som oppstår her og no. Begge former for leik har eit pedagogisk mål.

Leiken er frivillig og styrt av barnet sjølv og er grunnleggande for barn si læring og utvikling. Her lærer og utviklar barna seg intellektuelt, språkleg, fysisk, sosialt og emosjonelt.



### Læring

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling.

Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få moglegheit til å undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt.

Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansane i læringsprosessane sine.

Vi skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring.



## Satsingsområde for barnehagen 2024–2026

### Fagområde frå rammeplanen til barnehage



Alle fagområda blir arbeidd med i dei ulike satsingane som barnehagen har.

#### Språk

«Gjennom arbeidet med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer» (Utdanningsdirektoratet, 2017)

I Lunden er vi opptekne av å bruke språket aktivt i samtale. Vi set ord på det vi gjer gjennom dagen, les bøker, syng, nyttar rim og regler og fortel vitsar og gåter. Barn og vaksne leikar med språket gjennom symbol og tekst.

For å kartlegge språkutviklinga til barna nyttar vi tidleg registrering av språkforståing (TRAS)

Resultatet av kartlegginga vert nytta i planlegginga av det pedagogiske arbeidet.

#### Vaksenrolla i leik

Vaksne i barnehagen har ei viktig rolle i å gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Kor mykje vaksenstøtte barna treng varierer utifrå både alder og leikekompetanse.

Det er viktig at dei vaksne i barnehagen legg til rette for kvart enkelt barn si utvikling i leik.

For å kunne gje barna den støtta dei treng må vi vere til stades og tilgjengelege i leiken.

## Natur og miljø

I Lunden er vi opptekne av å nytte og ta vare på naturen og ressursane vi har rundt oss. For oss er det viktig å gje barna opplevingar og erfaringar i naturen gjennom alle årstider. Vi nyttar nærområda i Eikelia, på stranda og i sentrum. Barna er med på å plante. På den måten får dei oppleve frå «jord til bord», berekraft, i praksis. For nokre år tilbake hadde Lunden barnehage ei satsing på realfag. Der fekk vi prosjektmidlar. Prosjektet er avslutta for lenge sidan, men mykje av lærdommen tek vi med oss vidare. Vi er opptekne av og likar å utforske den fysiske verda ved å eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover.



## Medverknad

Både barn og foreldre skal få høve til medverknad, og kunne påverke planleggingsarbeidet til barnehagen.

### Barn

Vi ynskjer å ta utgangspunkt i og følgje opp det barna er opptekne av i det daglege. Dei skal kunne komme med forslag til kva dei har lyst å gjere, samstundes som at dei vaksne skal ta omsyn til dette.

Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna, og legge til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring og individuelle føresetnader.

Dei yngste barna kommuniserer med ansiktsuttrykk, blick, mimikk, rørsler, lydar og ord. Dei eldste barna formidlar dei same signala, men har stort sett eit sterkare verbalt språk.

Vi ser på barnemedverknad som ei haldning. Vaksne skal møte barna med respekt og anerkjenning.

Barn og vaksne er likeverdige, men ikkje likestilt. Med det meiner vi at dei vaksne må vere tydelege rollemodellar, som tek ansvar der det er nødvendig, og let barna få bestemme der det er mogleg.

## Foreldresamarbeid

Det er foreldre som har hovudansvaret for å oppdra barnet sitt. Barnehagen vil vere med å støtte foreldre i dette arbeidet; saman for barnet sitt beste.

Bringe- og hentesituasjonen er den daglege, og ein viktig arena, for å snakke om barnet sin kvardag både heime og i barnehagen. Dersom det er ynskje og behov er det rom for å avtale tid med pedagogisk leiar og/eller einingsleiar for å møtast til samtale eller snakkast på telefon, utan at barnet er til stades.

Kvar avdeling sender ut månadsbrev på e-post kvar måned. Vi kommuniserer også på Visma app og sms.

Det vert lagt opp til foreldresamtale to gonger i året. Ein på hausten og ein om våren. Der vi snakkar om korleis barnet har det i barnehagen, samspel, leik, læring og utvikling.

Foreldremøte vert arrangert ein-to gonger i året. Vi har også ulike foreldrearrangement i løpet av året: bli kjent fest, foreldrekaffi, julefrukost, påskesuppe og sommarfest for dei eldste.

Barnehagen har foreldrearbeidsutval (FAU) og samarbeidsutval (SU).

Sunnfjord kommune gjennomfører brukarundersøking kvart andre år. I denne undersøkinga skal foreldra evaluere tilbodet dei har i Lunden barnehage.

## Tidleg innsats

Sunnfjord kommune jobbar med å innføre gode verktøy for å sikre barn ein god barndom med tilrettelegging for dei som har behov for det.

Målet til Sunnfjord kommune er å styrke tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at færre barn har bruk for spesialpedagogisk hjelp. De kan lese meir om tidleg innsats i [«Handbok i tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialpedagogikk»](#) og [«Når barn og unge treng hjelp - BTI»](#).

## Overgangar

### Når barnet tek til i barnehagen

Vi legg til rette så godt vi kan for at barna skal få ein god start i barnehagen. I god tid før oppstart sender vi ut velkomstbrev til heimen, der vi informerer om tidspunkt for oppstart, kven som er primærkontakt og korleis vi ynskjer den første tida i barnehagen skal vere. Dersom foreldra ynskjer kan dei også kome på besøk til barnehagen før oppstart. Då får dei sjå barnehagen inne og ute, samt helse på tilsette som skal vere på avdelinga.

Vi ynskjer ei trygg og god tilvenning for alle partar. Foreldra er den trygge basen for barna og bør bruke god tid på tilvenning i barnehagen, på den måten vert barna trygge på dei vaksne på avdelinga. Dette er ulikt frå barn til barn.



Vi oppfordrar foreldre til å vere så lenge i barnehagen som nødvendig for at barnet skal vere trygt og at barnet har korte dagar.

Kvart barn har sin primærkontakt. Det inneber at barn og foreldre får ein person på avdelinga som skal vere deira næraste tilknytingsperson den første tida.

### Overgangar i barnehagen

I Lunden barnehage går barna på småbarnsavdeling fram til hausten det året dei fyller tre år. Kor mange avdelingar som blir nytta som småbarnsavdeling heng saman med tal barn som har rett på plass. Vi har god plass i Lunden, og kan difor vere fleksible på kor mange avdelingar vi nyttar til småbarnsavdeling/stor avdeling.

Når barna byter avdeling føl ein eller fleire av personalet med til ny avdeling. På vårparten har vi besøksdagar på den avdelinga barna skal ta til på til hausten. Ein dag i siste veka før nytt barnehageår byter vi avdeling. Barna er sjølv med på flytteprosessen.

Mange barn opplev å vere i same barnegruppe og med same kjende vaksne, heile barnehagetida.

### Overgang mellom barnehage og skule

I kapittel 6 i rammeplan for barnehagen heiter det:

*«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordning»! Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen (utdanningsdirektoratet 2017:33).*

I Naustdal samarbeider vi om:

- Innskriving på skulen vinter/vår.
- Få tildelt/møte fadder på førskuledag.
- Besøksdag på skulen der førskulebarna får gjere seg litt kjent både ute og inne.
- Foreldremøte på skulen om våren før skulestart.
- Overføringsmøte mellom barnehage og skule. Vi har henta inn/ fått samtykke frå foreldre/føresette til å gi informasjon til skulen. Det blir ikkje utveksla informasjon som foreldre/føresette ikkje har godkjent.
- Få besøk av komande 1. klasselærer i barnehagen før sommarferien.
- Velkomstbrev frå skulen til heimen sommaren før skulestart.

Frå seinhausten året før skulestart er det også førskuletreff på tvers av barnehagane. På den måten får barna i Lunden og Læringsverkstedet Naustdal Idrettsbarnehage bli litt kjende med kvarandre før skulestart.

## Samarbeid

### Samarbeid internt i barnehagen

Vi har som mål å ha eit godt arbeidsmiljø, der alle skal kjenne seg medverkande, respektert og inkludert.

Barnehagen er vårt felles ansvar, og personalet skal kjenne på ansvar for at kvardagen skal gå fint for alle avdelingar. I praksis inneber det å hjelpe der det trengst. Det kan vere byte av vakt, avdeling eller ansvar.

Dei fora vi har til samarbeid for å sikre fagleg utvikling, eigenutvikling og utvikling av gruppa er avdelingsmøter, pedagogisk leiarmøte, personalmøte, planleggingsdagar og medarbeidarsamtalar. Vi har trepartsmøte for einingsleiar, verneombod og tillitsvalde. Den viktigaste arena for eit godt arbeidsmiljø er det vi opplever og leverer i kvardagen.

### Samarbeid med eksterne instansar

Nokre gongar skjer det at vi i periodar treng hjelp frå andre enn dei vi omgåast dagleg. Det gjeld foreldre, barn og barnehagetilsette. Dette er heilt normalt.

Det er fleire hjelpeinstansar både de som foreldre og vi i barnehagen kan rådføre oss med. Pedagogisk psykologisk tenestekontor (PPT), barne- og ungdomspsykiatrien (BUP), helsestasjon, barnevernet, foreldrerettleiing, grunnskule og høgskulen på vestlandet (HVL)

Foreldre/føresette blir alltid informert og involvert i saker som gjeld deira barn.

Foreldra må samtykke til samarbeid med dei ulike instansane.

Unntaket er meldeplikta vi har til barnevernet når vi har mistanke om vald eller seksuelle overgrep.

## Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Målet er at alle barn får eit tilbød som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Vi lagar plana. Når planperioden er over evaluerer vi: kva gjorde vi, kva var bra og kva bør endrast? I Lunden barnehage arbeider vi med vurdering i det daglege arbeidet på avdelingsmøter, personalmøte og på planleggingsdagar.

Foreldra kan delta i vurderingsarbeidet gjennom foreldresamtalar, foreldremøte og brukarundersøking.

Barnesamtaler og barneintervju er barna sin måte å delta i vurderingsarbeidet.

Ikkje alle områder er mogleg å dokumentere. Særleg den daglege kommunikasjonen og relasjonen vi har med barn og vaksne. Vi dokumenterer arbeidet vårt gjennom månadsbrev, planar og i Visma appen.

## Hendingar og markeringar i barnehagen

### Vinter



Desember

Julefrukost  
Lucia  
Nissefest  
Kyrkjebesøk

Februar

Karneval

### Vår



Mars

Vinteraktivitetsdag  
Påskesuppe  
Barnehagedagen  
Kyrkjebesøk

April

Overnatting for dei eldste

Mai  
17. mai

Rosaruss feiring  
Nasjonaldag med eiga fane i toget  
Dugnad

### Sommar



Juni

Sommaravslutning for dei eldste

August

Nytt barnehageår  
Sommarfest – bli kjent fest

### Haust



September

Hausttur  
Foreldremøte  
Brannvernveka

Oktober

Foreldrecaffi

